



MØTEPROTOKOLL

Utvalg: Teknisk utval
Møtestad: Kommunestyresalen, Ulstein rådhus
Dato: 14.04.2016
Tid: 09:00 – 13:25

Faste medlemmer som møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Alf Johan Antonsen	Leiar	FRP
Kristin Opsahl Myrene	Nestleiar	SP
Odd Arne Vikebakk	Medlem	KRF
Hannelore Måseide	Medlem	V
Kari Warholm	Medlem	H
Magne Gurskevik	Medlem	AP

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Hanne Notøy	MEDL	AP

Varamedlemmer som møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Hans Petter Th. Ulstein	Hanne Notøy	H

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Arne Runar Vik	Kommunalsjef teknisk
Odd Kåre Wiik	Avd.leiar drift og anlegg
Cecilie Roppen	Planleggar
Arild Støylen	Avd.ing. bygg
Björg Haugland	Sekretær

Permisjonar/Ugildskap

Hans Petter Th. Ulstein ba om å få vurdert sin gildskap i sak PS 16/46, då han tidlegare hadde økonomiske interesser i feltet, noko han ikkje har lenger. Utvalet kjende han gild.

Alf Johan Antonsen sa seg ugild i sak PS 16/49 då han sit som tilsette-representant i styret i Kleven, han fekk tre i frå, vara var ikkje innkalla.

Nestleiar Kristin Opsahl Myrene tok over som leiar.

Magne Gurskevik meldte seg ugild i sak PS 16/49 då han i mange år har hatt ein sentral posisjon i verftsleinga. Teknisk utval kjende han ugild og han fekk tre i frå, vara var ikkje innkalla.

SAKLISTE

Saksnr	Tittel	Arkivsaknr
PS 16/42	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE	
PS 16/43	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE	
PS 16/44	MELDINGSSAKER	
RS 16/12	REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 23 - NY KOMMUNESTRUKTUR - SAMANSLÅING AV KOMMUNAR PÅ YTRE SØRE SUNNMØRE	2010/453
RS 16/13	OPPFØLGING AV NASJONAL JORDVERNSTRATEGI	2016/3
RS 16/14	VEDTAK I KLAGESAK - KONSESJON FOR LANDBRUKSEIGEDOM	2015/746
RS 16/15	FRIST FOR Å GJERE OM ERVERVET/ SAL AV GNR 72 BNR 17	2015/746
PS 16/45	DELEGASJONSSAKER	
DS 16/59	OMADRESSERING DYRDA - KYLNEHAUGEN	2016/225
DS 16/60	INNFØRING AV TEKNISK VAKT	2015/382
DS 16/61	LØYVE TIL AVFYRING AV SALUTT 17. MAI 2016	2016/15
PS 16/46	UTBYGGINGSAVTALE - FELTUTBYGGING OMRÅDE KS4, HOLSEKERDALEN, GNR. 10, BNR. 291, TØMRER PROSJEKT AS	2015/1981
PS 16/47	NY DRIFTSKONSESJON FOR ULSTEIN KNUSEVERK - UTTALE FRÅ TEKNISK UTVAL	2016/405
PS 16/48	REVIDERT SLAMFORSKRIFT SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK	2015/513
PS 16/49	DETALJREGULERING KLEIVA - 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN	2011/900
PS 16/50	SØKNAD OM LØYVE TIL MOTORFERDSEL TIL HASUNDHORNET	2007/773

Eventuelt

Odd Kåre Wiik orienterte i starten av møtet om driftsavdelinga, vatn og avløp.

Teknisk utval var etter det på synfaring til fylgjande:

- Flø vassbeh.anlegg
- Gamleeidet vassbeh.anl.
- Garsholhaugen vassbeh.anl.
- Eiksund høgdebasseng
- Halseneset avløpsreinseanlegg

Ulsteinvik, 14.04.2016

Alf Johan Antonsen
leiar

Björg Haugland
møtesekretær

Hans Petter Th. Ulstein

Hannelore Måseide

PS 16/42 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Innkalling og sakliste vart godkjent med tillegg av sak PS 16/50. Denne saka var ettersendt til medlemmane i utvalet.

PS 16/43 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ SISTE MØTE

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Protokollen frå møte den 16.03.2016 vart godkjent.

PS 16/44 MELDINGSSAKER

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Meldingssakene vart teke til vitande.

RS 16/12 REFERAT PROSJEKTGRUPPEMØTE 23 - NY KOMMUNESTRUKTUR - SAMANSLÅING AV KOMMUNAR PÅ YTRE SØRE SUNNMØRE

RS 16/13 OPPFØLGING AV NASJONAL JORDVERNSTRATEGI

RS 16/14 VEDTAK I KLAGESAK - KONSESJON FOR LANDBRUKSEIGEDOM

RS 16/15 FRIST FOR Å GJERE OM ERVERVET/ SAL AV GNR 72 BNR 17

PS 16/45 DELEGASJONSSAKER

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Delegasjonssakene vart teke til vitande.

DS 16/59 OMADRESSERING DYRDA - KYLNEHAUGEN ADRESSELISTE

DS 16/60 INNFØRING AV TEKNISK VAKT ROAR ULSTEIN

DS 16/61 LØYVE TIL AVFYRING AV SALUTT 17. MAI 2016 17. MAI-NEMNDA

PS 16/46 UTBYGGINGSAVTALE - FELTUTBYGGING OMRÅDE KS4, HULSEKERDALEN, GNR. 10, BNR. 291, TØMRER PROSJEKT AS

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Ulstein kommunestyre godkjenner framlegget til utbyggingsavtale, sist revidert 08.02.2016, mellom Ulstein kommune og Tømrer Prosjekt AS, om veg og tekniske anlegg på gnr. 10 og bnr. 291 (område KS4 i Hulsekerdalen), jf. PBL kap. 17.

Når utbyggingsavtalen er inngått (signert av partane) skal den kunngjerast, jf. PBL § 17-4.

Handsaming:

Hans Petter Thoresen Ulstein ba om å få vurdert sin gildskap då han tidlegare hadde økonomiske interesser i feltet, noko han ikkje har lenger. Utvalet kjende han gild.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

PS 16/47 NY DRIFTSKONSESJON FOR ULSTEIN KNUSEVERK - UTTALE FRÅ TEKNISK UTVAL

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Teknisk utval er positiv til at Ulstein Knuseverk får ny driftskonsesjon. Utvalet vil likevel peike på følgjande viktige tilhøve knytt til drifta:

1. Steinknuser må vere plassert og skjerma på ein måte som gjev minst mogeleg støy for omgjevnadene.
Utvalet viser til § 4.1.d. i reguleringsføresegnene og rår til at det vert gjennomført kontinuerlege støymålingar eller målingar med fast frekvens.
2. Flygestøv frå verksemda må minimaliserast for å unngå plager for areal både nær steinbrot og steinknuser og på større avstand.

Handsaming:

Fellesframlegg frå teknisk utval:

Tillegg til pkt. 1 i tilrådinga frå kommunalsjef teknisk:

Utvalet viser til § 4.1.d. i reguleringsføresegnene og rår til at det vert gjennomført kontinuerlege støymålingar eller målingar med fast frekvens.

Røysting:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk med tillegg av fellesframlegget vart vedteke med 7 mot 0 røyster.

PS 16/48 REVIDERT SLAMFORSKRIFT SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK

Tilråding frå Teknisk utval, 14.04.2016:

Ulstein kommunestyre godkjenner revidert slamforskrift for slamhandtering i SSR-regionen med ny §5 «(anleggets utforming, adkomst og vegstandard)

Abonnten skal sørge for fri adkomst til slamanlegget ved tøming. Eventuelle låseanordningar og avstengningar etc. av slamanlegget skal avtalast med og godkjennast av kommunen. Slamanlegget skal plasserast så nær veg som mogleg. Veg til slamanlegget må uansett årstid vere av ein slik standard at den gir tilfredstillande framkomst og har eventuell snuplass for avvatningsbilen. Når tømeruter blir sett opp, skal det takast mest mogleg omsyn til årstid for å sikre at tilgangen til anlegget er best mogleg. Utover dette har ikkje SSR eller den som tømer ansvar for skade på privat veg og plass inkludert plen/heller, osb., med mindre det kan påvisast skjødesløyse. Slamanlegget vert tømd sjølv om krav til vegstandard ikkje er tilfredstillande. Dette kan medføre ein ekstra kostnad for abonnten.»

Endringa i forskrifta vert gjort gjeldande frå vedtaksdato.

Handsaming:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

PS 16/49 DETALJREGULERING KLEIVA - 2. GONGS OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding frå Teknisk utval, 14.04.2016:

Ulstein kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, framlegg til detaljregulering for Kleiva, PlanID 20130003, datert 07.03.2016, med tilhøyrande føresegner, datert 24.06.2015, sist revidert 07.03.2016.

Handsaming:

Alf Johan Antonsen sa seg ugild då han sit som tilsette-representant i styret i Kleven, han fekk tre i frå, vara var ikkje innkalla.

Nestleiar Kristin Opsahl Myrene tok over som leiar.

Magne Gurskevik meldte seg ugild då han i mange år har hatt ein sentral posisjon i verftsleiinga. Teknisk utval kjende han ugild og han fekk tre i frå, vara var ikkje innkalla.

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart vedteken 5 mot 0 røyster.

PS 16/50 SØKNAD OM LØYVE TIL MOTORFERDSEL TIL HASUNDHORNET

Vedtak i Teknisk utval, 14.04.2016:

Teknisk utvalet viser til forbodet om motorferdsel i utmark, jf. § 3 i motorferdsellova og avslår søknaden frå Christian Garshol Rydjord om bruk av ATV til barmarkskøyning frå Fjelle til Hasundhornet i høve vigsel på Hasundhornet.

Grunngjeving for avslaget er at dersom kommunen skal kunne gje løyve til barmarkskøyning etter § 6 i nasjonal forskrift «*Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag*», må der liggje føre eit særleg behov som ikkje relaterer seg til turkøyning, og som ikkje kan dekkast på ein annan måte. Det er også avgjerande at løypetraséane til Hasundhornet er over lengre parti særst blaute og opptrakka. Køyning med ATV på barmark i dette området vil høgst truleg føre til djupe spor fleire stadar som vil kunne verte permanente eller langvarige.

Teknisk utval grunngjev også avslaget med at ettersom dette er ei prinsipiell sak vil ein ved å gje løyve som omsøkt kunne opne opp for ein ny type praksis for barmarkskøyning i utmark. Dette kan føre til at kommunen ut i frå eit likheitsprinsipp vil kunne få problem med å avvise framtidige liknande søknadar om motorferdsel, ikkje berre til Hasundhornet men også til andre fjelltoppar eller utmark elles i Ulstein. Ein slik praksis vil Ulstein kommune unngå.

Handsaming:

Tilrådinga frå kommunalsjef teknisk vart vedteken med 7 mot 0 røyster.

-----o-----

Link vert sendt til: Teknisk utval
 Rådmannen
 Kommunalsjef teknisk
 Servicetorget
 Kommunerevisjonen
 Vest Kontroll v/Jostein Støylen
 Kontrollutvalet m/vara

Ulstein kommune
Politisk sekretariat, 14.04.2016

Björg Haugland
sekretær